



Notat

Emne: Synfaringsrapport 14.11.2016

Tilstades:

Terje Natland (FMLA), Ove Frotvedt (Fanagro), Andreas Granli (Landbrukskontoret).

For grunneigarane:

Ole Johan Ingebrigtsen, Terje Haukeland og Torstei Sæbø, Rolf Tarlebø var med på vegne av Vigdis Haukeland. I tillegg var ein representant frå entreprenøren tilstades på synfaringa.

Målet med synfaringa var å ferdiggodkjenne vegen.

Rapport:

I avkjøringen til den nye vegen er det ikkje mogleg for vatnet å komme ut av veggbanen, grøfter må takast for å få vatnet ut av vegen.

Det står framleis tre nærrare enn to meter frå skråningskant ovanfor fleire skjæringer. Desse må fjernast, slik at dei ikkje ramlar ned i vegbanen.

På fleire plassar er ikkje dei innteikna stikkrennene lagt ned, dette må utbedrast. Der ein kan unngå å leggje stikkrenne ved å lede vatnet til ei nærliggande renne, godtas dette. Det skal vere plass mellom enden på stikkrenna og utsida av grøft slik at stikkrenna kan haldast open og silt og sand kan sette seg før vatnet går gjennom renna.

Normann Sæbø har teke til med ein stikkveg ut i frå sving på Sæbøvegen. Langs stikkvegen renn ein bekk ned til Sæbøvegen, her er det innteikna ei stikkrenne gjennom svingen. Stikkrenna er ikkje lagt med det resultat at bekken går i fyllinga til vegen. Dette må utbedrast om vegen skal kunne godkjennast.

Det må leggast opp til at grunneigar har moglegheit til å komma av vegen med traktor der det er aktuelt, dette løyer grunneigar i samband med entreprenør.

I den høge fyllinga skal det ligge ei stikkrenne. Stikkrenna var ikkje synleg under synfaring, endane må avdekkast.

Innafor fyllinga er det eit nytt punkt i vegen der vatn frå ein liten bekk renner fritt i steinfyllinga i vegen, her er det innteikna ei stikkrenne. Bekken må ledast inn i ei stikkrenne for å unngå framtidig erosjon i vegkroppen.

Det vart stilt spørsmål om den brattaste kneika i vegen heldt stigningskravet i vegstandarden. Stigninga tar til etter en sving og er planlagd med 11,4 % stigning, slik den er no er den nærmere 18 %.

Fleire stader er ikkje grøftene djupe nok, dette må utbetraast før vegen godkjennes.

I sving ved påle 1180 er det innteikna to stikkrenner, her ligg det no ei. Det er ikkje nødvendig å leggje ned den andre om det tas ei grøft langs vegen som leiar vatnet inn i den som alt er lagt ned. Fyllinga rundt stikkrenna må jordslås slik at vatnet går i stikkrenna og ikkje vegfyllinga.

Oppsumert: Vegen begynner å ta form og er solid oppbygd, framleis er det ein del punkt som må utbetras før vegen kan godkjennes. Grøfter, manglende stikkrenner og større stein i vegkroppen må utbetras.

Plan framover:

Entreprenør gjør ferdig stikkrenner, grøfter og fjernar dei større steinane som kan slita seg opp gjennom slitelaget på vegen. Når dette er på plass kontaktes kommunen på nytt for ferdiggodkjenning før vegen gruses. Trær nermare enn 2 meter frå skjæringskant må vekk slik at dei ikkje kjem ned i vegbana.

Saksbehandlar: Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy/Andreas Granli

Vår referanse: 14/1490 - 16/15101 / Komnr - 1260, FA - V83, HistSak - 12/2128

Dato: 24.11.2016